



Byggmester Steinar Thunold
Solsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1023 - 14/3623

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
13.03.2014

Godkjenning - utslepp frå fritidsbustad, gnr. 27, bnr. 27 i Drageneset.

Administrativt vedtak. Saknr: 50/2014

Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve på gnr 27 bnr 27 i Drageneset, i samband med søknad om utviding og oppgradering av hytte.

I samsvar med søknad, motteke 24.02.2014, skal avlaupet reinsast med slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i lukka leidning som skal knytast til eksisterande private 110 mm avlaupsleidning som går ut i sjø, som vist på innsendt situasjonskart. Det er tiltakshavar som eig eksisterande avlaupsleidning. Det er planlagt vatn frå borehol.

Det er ikkje naudsynt med særskilt nabovarsel, då det er tiltakshavar sjølv som er nabo.

Vurdering:

Utsleppsløysinga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5 utsleppsløyve for hytte på gnr 27 bnr 27 i samsvar med søknad motteke 24.02.2014 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via 4m3 slamavskiljar av godkjend type.

2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og koplast på eksisterande avlaupsleidning som går til sjø.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slangebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
5. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad som ligg ved byggjesaka, jf plan- og bygningslova.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast jf Forvaltningslova § 28, sjå vedlegg.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:

Stein Olav Sagstad

Drageneset 43

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Byggmester Steinar Thunold

Solsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN